



FRAMTID FOR LYKLING

Lykling
5437 FINNÅS

Dato: 24.11.2017

Vår ref.: 2017/736-63

Saksbehandlar: eirkniv

Dykkar ref.:

Att. Finn Brekke

Avslag Turskiltprosjektet 2017 (ekstrautlysning) - Gullgruveområdet

Føremålet med Turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsferdsle der folk bur og oppheld seg, gjennom ein nasjonal standard for informasjon, skilting og merking av turløyper.

Prosjekt: Gullgruveområdet

Prosjekeigar: Framtid for Lykling

Kommune: Bømlo

Handsaming av søknaden:

Den 15. november 2017 handsama Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeling av kr 550 180 etter gjeldande nasjonale retningslinjer til Turskiltprosjektet gjennom ekstrautlysning.

Vedtak:

Dykkar søknad om tilskot til om midlar til QR-koder på eksisterande skilt i gullgruveområdet på Lykling fekk dverre avslag.

Grunngjeving

Ved søknadsfristen 15. september 2017 kom det inn 10 søknadar med samla søknadssum på kr 888.460 og det var kr. 550.180 til fordeling. Dykkar søknad fekk avslag grunna QR - koder på eksisterande skilt ikkje er søknadsberettiga innan tilskotsordninga Turskiltprosjektet.

Klagetilgang og dokumentinnsyn

I medhald av forvaltningslova § 28 har part eller andre med rettsleg klageinteresse rett til å klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klaga skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Som part har de rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som går fram av forvaltningslova § 18 og 19.

Neste søknadsfrist er 15. februar 2018. Dersom de har spørsmål til saka ta kontakt med Eirik Knive, tlf: 55 23 91 66 og e-post eirik.knive@hfk.no

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Eirik Knive
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.